




FISKERIDIREKTORATET

Statusrapport: Pilotprosjekt Hardangerfjorden



Status i arbeidet i Pilotprosjekt
Hardangerfjorden per 31. desember
2013



Rapport frå Fiskeridirektoratet

Tittel (norsk): Statusrapport for Pilotprosjekt Hardangerfjorden per 31. desember 2013		År (nr): 2013	Arkivsaksnummer: 13/1350
Saksansvarleg: EiBro	Ansvarleg avdeling: KH	Dato: 26.03.2014	ISSN/ISSB: -
Emneord: Akvakultur, pilotprosjekt, Hardangerfjorden, strakstiltak, fiskefelle, villaks			Totalt tal på sider: 10
<p>Samandrag:</p> <p>Rapporten oppsummerar status i arbeidet med strakstiltak for vill laksefisk i Hardangerfjorden (Pilotprosjekt Hardangerfjorden) per 31. desember 2013. Dei viktigaste strakstiltaka er etablering og drift av fiskefelle i Etneelva, utfisking av fisk rømt frå oppdrett, kartlegging av sjøarebekkar og overvaking av utvandra smolt og lakselus på sjøaure. Dei viktigaste resultatane er ny kunnskap om villfisk i Hardangerfjorden og erfaring med metodar for fangst og undersøking av fisk.</p> <p>For meir detaljert informasjon om konkrete resultat viser vi til referansar i teksten og oversikta på side 9 i denne rapporten.</p>			

Jens Chr. Holm
direktør

Einar Brobakke
seniorrådgjevar

Innleiing

Bakgrunnen for prosjektet var at Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Direktoratet for Naturforvaltning og Hordaland Fylkeskommune i fellesskap erkjente behovet for å utrede og gjennomføre moglege strakstiltak som skulle betre situasjonen for stammane av vill, anadrom laksefisk i Hardangerfjorden, i påvente av meir avgjerande løysingar på problema med lakselus og rømming.

Målet til prosjektet er å komme med framlegg til prioriterte strakstiltak for å redusere den samla, negative påverkinga på villaks og sjøaure i Hardangerfjordbassenget. Det blei teke ei avgjerd om at disse tiltaka skulle gjennomførast gjennom eit nasjonalt pilotprosjekt då tiltak, erfaringar og metode skal kunne overførast til andre stadar i landet.

Pilotprosjektet er eit samarbeid mellom Miljødirektoratet, Hordaland Fylkeskommune, Mattilsynet, Villfiskinteressane, Fiskeridirektoratet, kommunane og oppdrettsnæringa i Hardangerfjorden. Fiskeridirektoratet leiar prosjektet og Fiskeri- og kystdepartementet har gjeve økonomisk oppstartsstønad.

Prosjektet

Bakgrunn og oppstart

I februar 2010 inviterte Fiskeridirektøren Direktoratet for naturforvaltning, Fylkesmannen i Hordaland (Miljøvernavdelinga), Mattilsynet, Hordaland Fylkeskommune og Fiskeridirektoratet region vest til eit møte for å drøfta om det er mogleg å fremja eit felles, offentleg styrt, nasjonalt pilotprosjekt for Hardangerfjorden.

Møtet blei gjennomført 16. april 2010, og pilotprosjektet vart etablert med ei styringsgruppe (SPH). Ei sentral avgjerd på møtet var og setje ned ei ekspertgruppe med eit mandat til å utforme ein rapport med forslag til konkrete tiltak.

I september 2010 la ekspertgruppa fram ein rapport med samstemte, prioriterte strakstiltak som hadde som mål å redusere den samla negative påverknaden på de ville bestandane av sjøaure og laks i Hardangerfjorden, «*Prioriterte strakstiltak for sikring av ville bestander av laksefisk i Hardangerfjordbassenget i påvente av langsiktige forvaltningstiltak.*»

I februar 2011 vart det skipa fire arbeidsgrupper, som saman med styringsgruppa skulle gjennomføre dei tiltaka som var vedteke gjennomført. I

oktober 2012 blei det i tillegg etablert eit eige fellestyre for fella i Etnevasdraget.

Mål

I mandatet er målet til prosjektet definert til å legge fram forslag til prioriterte strakstiltak for å redusere den samla, negative påverkinga på villaks og sjøaure i Hardangerfjordbassenget. Prosjektet er eit nasjonalt pilotprosjekt då tiltak, erfaringar og metode skal kunne overførst til andre stadar i landet.

Hardangerfjorden er valt fordi påverknaden frå oppdrett er stor og tilstanden for vill laksefisk er kritisk.

Møter og saker

Styringsgruppa har fram til 31. desember 2013 gjennomført 18 ordinære møter (der av fem i 2013), og handsama i alt 112 saker (der av 33 i 2013). I tillegg var det i 2013 eit særskild møte med avgrensa deltaking om finansiering.

Arbeidsgruppene og Fellestyret har hatt sine egne møter.

Status og resultat per 31. desember 2013

Vesentlige aktiviteter og resultat

Utfisking av rømt oppdrettslaks

Pilotprosjektet har teke initiativ til å få fiska ut rømt oppdrettslaks i relevante vassdrag som renn ut i Hardangerfjordbassenget (her brukt om Hardanger, Kloster- og Bømlafjordsystemet, ref. fjordkatalogen). Slik utfisking blei gjennomført for sesongen 2011, og 2012. Utfiskeprosjektet har bestått av registrering og uttak av rømt fisk, samt opplæring og utstyring av lokale uttaksgrupper. Sjølve utfiskinga har vore gjort av lokale uttaksgrupper koordinert av Hardanger Villfisklag samt av LFI Uni Miljø (Uni Research). Føremålet med tiltaket har både vore å registrere innslaget av rømt oppdrettsfisk, redusere mulig påverknad på villaksen i Hardangerfjorden og å utvikle prosessar og lokal kompetanse for å ta ut rømt laks i vassdraga. Utfiskeprosjektet i 2011 og 2012 har vore betalt av oppdrettsnæringa i området, ved Hardangerfjordlauget.

I 2013 blei utfiskeprosjektet vidareført på ein ny måte. Omfanget blei tilpassa endringa i delen av rømt fisk i fjordsystemet, samtidig som finansieringsmodellen vart endra. Næringa finansierte i 2013 den delen av utfiskeprosjektet som var knytt til registrering og uttak av rømt oppdrettsfisk i gytebestanden. Fiskeridirektoratet finansierte opplæring/ kurs i regi av Uni Miljø for Hardanger Villfisklag i Uskedalen i september.

Det er levert rapport for utfiskinga i 2011 (LFI Uni Miljø rapport nr 205), og 2012 (LFI Uni Miljø rapport nr 215). Begge er tilgjengeleg på www.miljo.uni.no. Rapport for 2013 er ikkje ferdigstilt per 31.12.13.

I 2011 blei det teke ut 430 rømt laks frå oppdrett frå 10 vassdrag og frå sjølokalitetar, medan det blei teke ut 310 oppdrettslaks frå ni elvar i 2012. Uttaksaktiviteten har bygd opp stadig større beredskap og kompetanse retta mot uttak av rømt laks frå oppdrett. Bruk av kilenøter utanfor Etnevassdraget viste seg også å bidra til betre uttak og beredskap.

I 2012 hadde vassdraga i hovudsak lågare innslag av laks rømd frå oppdrett enn det som var gjennomsnittleg innslag i perioden frå og med 2004. Dette skuldast i hovudsak eit høgt innslag av villaks (mellom anna grunna gode oppvekstvilkår for villaksen i havet) saman med at det blei teke ut færre laks som hadde rømt frå oppdrett, samanlikna med 2011.

Styringsgruppa ser på tiltaket som vellykka. Mengda av rømt laks frå oppdrett har blitt vesentleg redusert, og det er vunne verdifull erfaring med korleis slikt arbeid kan organiserast og gjennomførast effektivt. Erfaringane og metodane har stor overføringsverdi til andre stadar i landet.

Fiskefelle i Etne

Felleprosjektet er eit unikt samarbeidsprosjekt mellom elveeigarar, havbruksnæring og forvaltning. SPH arbeidde over lang tid for å få etablert oppgangsfelle i det nasjonale laksevassdraget i Etne. Det måtte avklarast finansiering, teknologival og organisering. Det måtte gjerast avtalar med elveigar- og forvaltarinteresser og naudsynte løyver måtte på plass.

Fellestyret samarbeidde mellom anna med HI for å finne relevant teknologi og enda opp ei felle av amerikansk modell, som har vore prøvd ut i Canada og Alaska i meir enn 20 år. Det er første gang denne fella er montert i Noreg. Funksjonen til fella er å fange all oppvandrande fisk. Fisken sym inn i eit fangstkammer, for så å bli teken på land der den blir registrert, målt og veid. All villfisk blir dessutan merka (feitfinneklipt, før den blir sett ut igjen ovanfor fella). All fisk, som med sikkerheit har rømt frå oppdrett, blir umiddelbart sortert ut.

Havforskningsinstituttet driv forskingsbasert dokumentasjon og verifisering av teknologien og tek DNA-prøver av all laks som går inn i fella. Tilhøvet mellom Fellestyret og HI (som forskingspartner) skal regulerast i ei eiga avtale. Denne avtala er forventa å komme på plass medio 2014.

Oppgangsfella, som er Hordalands største i elv, vart montert i Etneelva i april 2013. Den første villfisken blei fanga og slept forbi 18. mai. Prosjektet skal gje kunnskap som er forventa å kunne få mykje og seie for forvaltning av vassdrag med laks og aure i Noreg komande år ved at det er definert sju konkrete kunnskapsmål: A) Dokumentere oppfangsfelle som verkemiddel for å hindre oppgang av rømt laks. B) Meir presis oversikt over innslaget av rømt oppdrettslaks i Etne-elva. C) Meir presis oversikt over vektfordeling av rømt fisk, her under kor mykje som er mulig gytefisk og ikkje. D) Meir presis oversikt over kor stor del av lokale/regionale rømingar som endar opp i elva. E) Meir presis oversikt over oppvandrande villaks og sjøaure i Etne-elva. F) Meir oversikt på feilvandring av villfisk mellom elvar. G) Dokumentere helsestatus for villfisk og opprettsfisk.

For fleire detaljar kring fella viser vi til avtala som blei inngått 17. oktober 2012.

Fellestyret har levert ein rapport for første året i drift, der ein rapport frå HI om følgjeforskinga er lagt ved. I årsrapporten frå fellestyret kjem det mellom anna fram at det gjekk opp 1154 villaks og 922 sjøaure i fangstperioden (klassifisert ut frå ytre kjenneteikn). Storleiken varierte frå 0,5 kg til 12,7 kg på villaksen. Oppdrettslaksen kom som forventa inn i elva seinare enn villaksen. Antallet oppdrettslaks i Etne var lavere enn tidligere år, med en totalfangst på 78 rømte fisk i fella. Storleiken på disse varierte frå 40-104 cm, noko som tyder på at dei kjem frå ulike rømingshendingar. I tillegg kom det opp ein del einsommar aure, men desse blei ikkje registrert i fella grunna størrelse. HI har berekna at all aure mindre enn 0,3 kg vil passere fella utan å bli fanga.

Det må også leggjast til at under det organiserte utfisket nedanfor fella, i siste halvdel av oktober, blei det teke ut 101 rømt umoden fisk frå oppdrett.

Felleprosjektet har ei driftsperiode på tre år og ei kostnadsramme på cirka 2,4 millionar kroner. I tillegg kjem mykje dugnadsarbeid.

Overvakning av utvandrande smolt og lakselus på sjøaure

Pilotprosjektet har vore oppdragsgjevar for metodeutvikling av overvakning av lakselus på sjøaure ved ruser. Testane har falt heldig ut, og metoden er no publisert internasjonalt, og er teken i bruk i den nasjonale overvakinga.

Pilotprosjektet fekk overvaka laksesmoltutgangen med video i Etneelven, Kinso og Eidfjordvassdraget i 2011. I de indre elvene (Kinso og Eidfjordvassdraget) ser det ut til at smolten vandrar ut seinare enn i Etne. I tillegg har dei ei lengre utvandringrute. Dette bør få innverknad på perioden der lusetrykket må haldast lågast mulig.

Arbeidet har gjeve verdifull informasjon om utvandring av laksesmolt i Hardangerfjordbassenget, og det er utvikla metodikk for luseovervakning på sjøaure. Kunnskapen legg grunnlag for meir presis forvaltning, til dømes fastsettinga av tidspunkt for naudsynt avlusing om våren, i ulike delar av området.

Av midlane som FKD løyva i 2011 er 500.000,- nytta til føremålet.

Kartlegging av, og forslag til, tiltak for anadrom laksefisk i utvalde vassdrag i Hardangerfjorden

Pilotprosjektet har overfor Hordaland fylkeskommune teke initiativ til kartlegging av habitatforholda i utvalde vassdrag som drenerer til Hardangerfjordbassenget. Målet har vore å identifisere mulige flaskehalsar for ungfisk, kartlegge fysiske inngrep og utslepp, gje kort oversikt over historiske opplysningar om anadrom fisk i vassdraget og foreslå habitatforbetrande tiltak for det enkelte vassdrag.

Oppdraget blei sett ut på anbod av fylkeskommunen og tildelt Rådgivende Biologer AS. Rapportfristen var 31. januar 2013. Fleire detaljar går fram av notat frå Hordaland fylkeskommune datert 12. oktober 2012.

Den endeleg rapporten frå Rådgivende Biologer blei levert i 2013, og inneheld mange interessante funn, og konkrete tiltak. I alt 28 vassdrag med sjøaure langs Hardangerfjorden blei kartlagt. Den samla lengda på elvane som blei undersøkt var 104 km, og det blei kartfestet 129 vandringshinder. I rapporten frå arbeidet blir inngrep og påverknad delt inn i tre kategoriar; vasskjemiske (der 92 % av vassdraga hadde god eller betre vasskjemisk status), morfologiske (over 800 ulike morfologiske inngrep blei kartfesta, og 36 % av vassdraga hadde status "god" eller betre) og hydrologiske (der det blei registrert hydrologisk påverknad i 18 av de 28 vassdrag, medan 48 % av strekninga var ikkje påverka av hydrologiske endringar i det heile).

Fleire av vassdraga blei også habitatkartlagt. Totalt 62 %, hadde "god" eller betre kvalitet. Vidare hadde 1 % "svært dårlig" kvalitet, 13 % hadde "dårlig" habitatkvalitet, mens 24 % av arealet hadde "moderat" kvalitet.

Det er total foreslått om lag 90 ulike tiltak, der utfisking av røyebestanden i Granvinsvatnet, minstevassføring og endra inntaksordning i kraftverket i Melselva, og fisketrapp nedst i Hellandsvassdraget (Opsanger) er vurdert som de tre viktigaste.

Styringsgruppa rakk ikkje og slutthandsama rapporten i 2013.

Av midlane som FKD løyva i 2011 blei inntil kr 250.000,- sett av til delfinansiering av tiltaket.

Planar vidare

Det er planlagt fleire møter i styringsgruppa for pilotprosjektet, i første halvår 2014.

Arbeidet har handla om strakstiltak og er prosjektorganisert. Dette indikerar at Pilotprosjektet ikkje skal vere permanent. Styringsgruppa vil i løpet av 2014 avgjere når prosjektet kan avsluttast, og om arbeidet eventuelt skal førast vidare i ei anna form.

Sentrale dokument med meir utfyllande informasjon

Saksdokument, møtereferat og rapportar er samla i sak 12/1350 og 10/3196 i Fiskeridirektoratet. Oppslag om nyhende er blitt lagt ut på nettsidene til dei ulike interessentane som er representert i SPH. Sjå mellom anna www.fiskeridir.no.

Dei mest sentrale dokumenta er:

- Avtale om etablering og drift av fiskefelle i Etnevassdraget datert 17.10.12.
- Notat frå Hordaland fylkeskommune datert 12.oktober 2012 om status for statlige prosjektmidlar over til Hordaland fylkeskommune.
- *"Forslag til tiltak for sjøaure i utvalgte vassdrag ved Hardangerfjorden"* (Rådgivende biologer AS)
- Utfisking i 2011 (LFI Uni Miljø rapport nr 205). www.miljo.uni.no.
- Utfisking i 2012 (LFI Uni Miljø rapport nr 215). www.miljo.uni.no.
- Årsrapport frå Fellestyret med vedlagt rapport om følgjeforskning frå Havforskningsinstituttet.



Telefon: 03495
Faks: 55 23 80 90
Adresse: Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen
Besøksadresse: Strandgaten 229, Bergen
E-post: postmottak@fiskeridir.no

www.fiskeridir.no

Livet i havet – vårt felles ansvar